

# Kompetansegrunnlag for tildeling av midlar til fagskular for 2027

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>Generelle utviklingstrekk i Vestland fylke .....</b>	<b>4</b>
<b>Fagområda og behova i Vestland fylkeskommune .....</b>	<b>6</b>
Helse- og velferdsfag.....	6
Tekniske fag og fag som er viktige for det grønne skiftet .....	7
Sikkerheit og beredskap .....	7
Matfag.....	8
Tradisjonelle handverksfag .....	8
Økonomi- og administrasjonsfag.....	9

## Samandrag

Vestland fylkeskommune tildeler midlar til høgare yrkesfagleg utdanning i tråd med fagskulelova og nasjonale retningslinjer. Målet er å sikre eit tilbod som er tilpassa nasjonale, regionale og lokale kompetansebehov.

Prioriterte fagområde for nye studieplassar i 2027 er helse- og velferdsfag, tekniske fag, fag viktige for det grønne skiftet og sikkerheit og beredskap. Sikkerheit og beredskap er eit nytt prioritert fagområde jf. Meld. St. 11 (2024-2025) Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning. Det er ønskeleg med vekst i alle fire fagfelta.

I Vestland tildelast det i dag også midlar til tilbod innan matfag, tradisjonelle handverksfag og økonomiske- og administrative fag, men ikkje i like stort omfang som for faga nemnt i avsnittet over. Desse faga vil heller ikkje bli prioritert auka.

Grunna demografiske utfordringar med ein betydeleg del fleire eldre er det fleire fagfelt som har behov for auka kompetanse. Det gjeld særleg helse- og omsorgsfaga. Her er det stort behov for å erstatte arbeidskraft og for å auke kompetansen innan eldreomsorg.

Innanfor dei tekniske faga og fag som er viktige for det grønne skifte er det behov for fagpersonell innan digital infrastruktur, bygg, anlegg og energi. Dette er viktig for å møte utfordringar knytt til digitalisering og klimaomstilling.

Sikkerheit og beredskap omfattar både fysisk og digital sikkerheit, og er relevant for alle sektorar. Det er særleg behov for kompetanse i distrikta. Når det gjeld fysisk sikkerheit vert framkommelegheit og infrastruktur framheva som behov.

Matfag er viktige for reiseliv, distriktsutvikling, verdiskaping og matsikkerheit, og omfattar heile verdikjeda frå råvare til ferdig produkt. Matfag ligg til distrikta.

Tradisjonelle handverksfag er avgjerande for kulturarv, restaurering, berekraft og lokal verdiskaping, og behovet er særleg knytt til å halde kompetansen ved like over tid. Fylkeskommunen sitt mål er å halde kompetansenivået ved like.

Økonomi- og administrasjonsfag er nødvendige støttefag for alle dei andre fagområda og gir kompetanse innan styring, leiing, prosjektarbeid og omstilling. Økonomi- og administrasjonsfag skal rette seg inn mot yrkesfag.

Teksten gjev eit grunnlag for kva retning det er føremålstenleg å gå innan dei ulike fagfelta.

## Innleiing

Vestland fylkeskommune tildeler midlar jf. fagskulelova §§ 3 og 29 og retningslinjer for tilskot til drift av høgare yrkesfagleg utdanning gitt av Kunnskapsdepartementet. Vi arbeidar for å tilby høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med behova nasjonalt, regionalt og lokalt (fagskulelova § 3), og bidra til eit mangfald av private og offentlege fagskular i fylket.

Midlar tildelast etter same føringar på området som på nasjonalt nivå (jf. statsbudsjettet for 2026). Dei prioriterte fagområda er helse- og velferdsfag, tekniske fag, fag som er viktig for det grønne skiftet og sikkerheit og beredskap. Sikkerheit og beredskap er eit nytt prioritert fagområde frå og med hausten 2025. Faga er ikkje oppgitt i prioritert rekkefølge. Det er ønskeleg med vekst i desse fire prioriterte fagfelta.

Utover dei prioriterte fagområda har fylket fleire omsyn å ta for å halde på naudsynt kompetanse. Dei prioriterte fagområda er aleine ikkje dekkande for kva fagskuleutdanningar det er behov for i fylket. I Vestland er det i tillegg behov for tilbod innan matfag, tradisjonelle handverksfag og økonomiske- og administrative fag. Desse faga vil ikkje bli prioritert auka for tildelingsåret 2027.

Avdeling for opplæring og kompetanse har i samarbeid med avdeling for næring, plan og innovasjon (NPI) vurdert at Vestland fylkeskommune har same behov og utfordringar for framtida som det er nasjonalt. Det kjem òg fram at det er i helse- og velferdsfaga vi kjem til å trenge mest kompetanse i framtida.

Lenger nede i dokumentet er det eit oversyn over Vestland fylkeskommune sine behov til kvart fagområde.

## Generelle utviklingstrekk i Vestland fylke


I KD sine retningslinjer for tilskot til drift står det at det skal være god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet. For Vestland vil det blant anna seie god tilgang til fagskuleutdanning i distrikta så vel som i byer. Dette er også i tråd med fylket si eiga utviklingsplan (Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028).

Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028 legg vekt på å tilpasse infrastruktur og tenester til dei spesifikke behova i distrikta. I distriktskommunar er det eit stort behov for arbeidskraft i helse- og velferdssektoren. Planen påpeikar også at den ujamne befolkningsutviklinga kan påverke kvaliteten på tenestetilbodet, og at det er viktig å tilpasse utdanning og opplæring til behova i lokalsamfunna. Det er også viktig å utvikle infrastruktur knytt til helse- og velferdstenester for å skape trygge lokalsamfunn og møte dei aukande behova for slike tenester i distrikta.

Eldrebølga er ein viktig faktor i den demografiske utviklinga, med ein aukande del eldre i befolkninga som blant anna stiller krav til helse- og velferdstenester. Eldrebølga fører også til at det er behov for stor utskifting av arbeidskraft over kort tid. Det gir og eit behov for å erstatte arbeidskraft og rekruttere ny arbeidskraft for å møte det auka behovet som oppstår, særleg innan helse- og velferdsfaga. Dette kan føre til utfordringar knytt til rekruttering av fagpersonell og tilpassing av tenester.

Samla sett er den demografiske utviklinga i Vestland prega av både vekst i sentrale regionar og utfordringar i distrikta, noko som krev målretta tiltak for å sikre livskraftige lokalsamfunn og tilpassa tenester.

Tabellen under gjev eit bilde på denne demografiske utviklinga på fylkesnivå. Henta frå Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027 [Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#).



Bildet viser folketal for heile Vestland fylkeskommune i perioden 1986 til 2050. Her vert det estimert korleis befolkninga vil utvikle seg når det gjelder alder. Vi kan sjå at ein gong tidleg i 2030 åra vil gjennomsnittet i fylket ha fleire i gruppa 65 år eller eldre enn det er i gruppa 0-19 år, og at denne differansen aukar fram til 2050 og vidare. Oversynet til høgre i bildet viser når det er forventa at denne utviklinga skjer per kommune.

## Fagområda og behova i Vestland fylkeskommune

Den demografiske utviklinga med fleire eldre gjeld alle dei fire fagområda, men i ulik grad. Helse- og velferdsfaga er mest utsett her. Dei fire prioriterte fagfelta har overlapp med kvarandre. Eit eksempel på det er helseteknologi. Det er også fleire fagområde som er relevant innanfor sikkerheit og beredskap. Eksemplar på det er tekniske fag som bidreg til infrastruktur som vatn og avløp, veg og framkommelegheit.

Utover dei fire prioriterte fagområda har fylket fleire omsyn å ta for å halde på naudsynt kompetanse. Dei prioriterte fagområda er aleine ikkje dekkande for kva fagskuleutdanningar det er behov for i fylket. Det tildelast i dag også midlar til tilbod innan matfag, tradisjonelle handverksfag og økonomiske- og administrative fag. Desse faga har ikkje same prioritering for vekst som faga nemnt i avsnittet over og blir ikkje prioritert auka for tildelingsåret 2027.

Vidare kjem det ein gjennomgang av fagområda.

### Helse- og velferdsfag

Helse- og velferdsfaga ligg under helse og velferd i NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (FKF).

Som nemnt er det stort behov for kompetanse innan helsefaga i tida framover. Grunna demografiske utfordringar, eldrebølga, treng vi å erstatte ein stor del av arbeidskrafta vi har i dag. Desse behova kjem særleg i form av eldreomsorg, eksempelvis demensproblematikk ([demensplan-2025.pdf](#)) og sjukeheimsplassar. Denne problemstillinga er stor både i sentrale strøk og i distrikta.

Det er også mogleg at det er sider ved denne demografiske utviklinga som ikkje er kartlagt godt nok enno. Til dømes kan vi i Tidsskrift for omsorgsforskning frå 2021 ([Demografisk utvikling og potensialet for uformell omsorg i Norge | Tidsskrift for omsorgsforskning](#)) lese at pårørande- og frivillig omsorg vil reduserast i same periode som det vert fleire eldre. Familieomsorgskoeffisienten faller betydeleg i perioden 2018 til 2040, grunna forholdet mellom tal unge og eldre i same periode. Dette vil i så fall bety at det er eit enda større behov for kompetanse innan helse- og velferdsfaga enn først kartlagt. Då særleg innanfor omsorgsdelen, som er den delen familiar i størst grad tek seg av.

Fagområdet helse- og velferdsfag inkluderer oppvekstfag. Dette kjem fram i [Gult hefte for 2026](#), kap. 3.3. Utviklingsplanen framhevar psykisk helse som ei hovudutfordring for barn og unge (kap. 4). Det er registrert auke i psykiske plagar og lidningar blant unge, spesielt i aldersgruppa 15-24 år, noko som kan føre til auka risiko for fråfall i skulen og marginalisering frå arbeidsmarknaden. Fråfall i skulen og marginalisering frå arbeidsmarknaden er noko Vestland fylkeskommune jobbar kontinuerleg for å forbetre. God og solid fagkompetanse på området, både tidleg på barnehagenivå og høgare opp i skulealder og for unge vaksne, kan være med på å sikre betre livskvalitet og framtidsutsikter for barn og unge.

Vestland fylkeskommune vil prioritere tilbod som tek omsyn til den demografiske utviklinga. Innan helse er det òg eit problem med låg bemanning og det er satt tiltak som gjer at yrkesgrupper kan avlaste kvarandre, noko som gjer raskare behandlingsforløp, reduserer sjukehuskøar og effektiviserer

resursbruk. Innafor oppvekstfaga vil fag som kan motarbeide auke i psykiske plagar og lidingar blant unge bli prioritert.

## Tekniske fag og fag som er viktige for det grønne skiftet

Tekniske fag ligg under utdanningskategorien teknisk i NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanningar (FKF).

Når det gjeld tekniske fag peikar Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028 på eit behov for utdanning av fagpersonell og ingeniørkompetanse spesielt innan digital infrastruktur og sikkerheit, for å sikre at mobilnett, breiband og strøymetenester fungerer optimalt.

Det nemnast også at rekruttering av arbeidskraft med teknisk kompetanse er ei utfordring, spesielt med tanke på den demografiske utviklinga som fører til ein aldrande befolkning. Det er også behov for å auke kapasiteten og innhaldet i utdanningstilbod innan tekniske fag, byggfag, anlegg, metall, maskin, og ingeniørfag for å møte desse behova.

Dei tekniske faga er viktige fag i den grønne omstillinga og for å møte utfordringar knytt til blant anna digitalisering og innovasjon.

I Kompetansebehovsutvalget si temarapport1/2023 ([KBU-temarapport-2023.pdf](#)) om framtidige kompetansebehov kjem det tydeleg fram at elektrofagarbeidarar og ingeniørar er blant dei mest etterspurde yrka i grøn omstilling. Denne kompetansen er kritisk for å kunne utvikle og drifte eksempelvis havvind, hydrogenproduksjon, kraftnett og industri, osv. Rapporten visar også til ei utvikling i søkartal som kan peike mot framtidig kompetansemangel.

## Sikkerheit og beredskap

Faga som inngår i kategorien sikkerheit og beredskap varierer og ligg under ulike utdanningskategoriar i NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanningar (FKF).

I Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 vises det til at det er viktig å styrke det breie perspektivet på samfunnssikkerheit i alle sektorar, og å sikre oversiktlege samfunn gjennom planlegging og beredskapsarbeid. Ein viktig del av sikkerheit og beredskap er at det er tilgjengeleg i heile landet. For Vestland som har mykje distrikt blir det viktig å sørge for at det er tilbod og resursar i distrikta. Utover dette så er det stort fokus på både digital sikkerheit og på utdanning og kompetanseheving innan helse- og velferdssektoren.

Sikkerheit og beredskap gjeld mange områder i samfunnet og kan sjåast i samheng med dei andre prioriterte fagområda.

Innanfor helse- og velferdsfag handlar det om sjukdomar, tilgjengeleg fagpersonell, framkommelegheit for utrykningskjøretøy, kompetanse i distrikta, vassverk og reint drikkevatt.

Innanfor tekniske fag handlar det om å ha tilstrekkelege resursar innan infrastruktur, som eksempelvis bygg- og anlegg, elektrofag, veg og framkommelegheit og at vi er sårbare for digitale angrep og både tilsikta og utilsikta hendingar.

Mykje av det som allereie er nemnt gjeld også for distrikta, men her kan ein trekke fram framkomelegheit, transport og å halde eksempelvis helsetilbod og arbeidstilbod lokalt i distrikta.

Når det gjeld drift av sambanda så er dekksoffiser og maskinoffiser ein viktig ressurs. Her er det behov for både utskifting grunna aldrande befolkning og auke for å halde drift ved like. Det same peikar Sjøforsvaret på når det gjeld utdanning av dekksoffiserar ([Styrking av bemanning i Sjøforsvaret](#) og [Maritim totalberedskap – totalt uforberedt? - NTNU Nyheter](#)). Dei peikar også på at dei ikkje har kapasitet til å utdanne nok folk aleine og at det er behov for å samarbeide med sivile utdanningsinstitusjonar. Dette indikerer også gode sjansar for arbeid både privat og offentleg etter avslutta utdanning.

## Matfag

Matfag er ein samlekategori som brukas i denne kartlegginga av behov i Vestland fylkeskommune. Faga som inngår i kategorien går under NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanningar (FKF) som Annet.

Fagområdet er stort og er betydeleg innanfor blant anna reiseliv, arbeidsplassar, distriktsutvikling, regional verdiskaping, teknologi og matsikkerheit. Matfag er ein betydeleg del av kultur og tradisjon i Vestland.

Vestland er ein av landets største reiselivsregionar. Reiselivet treng kvalifiserte fagfolk i restaurant- og serveringsfaga, og det treng produkt med regional eigenart. Lokal mat og drikke frå fjord og fjell, gard og verkstad er sentrale opplevingsargument (<https://www.nhoreiseliv.no/vi-mener/utdanning-kompetanse/nyhet/2024/sokertall-2024/>).

Matfag omfattar heile verdikjeda frå råvareproduksjon (landbruk, fiskeri, havbruk), foredling, servering, opplevingar og eksport. Kvar del utgjer arbeidsplassar, særleg i distrikta, og bidreg med det å halde busetnaden i distrikta oppe. Siderproduksjon er eit eksempel på matfag som omfattar heile verdikjeda frå råvare til eksport.

Den demografiske utviklinga og behov for å erstatte arbeidskraft i Vestland fylkeskommune er gjeldande for dette fagområdet også. Samla sett er matproduksjon ein sentral faktor for både næringsutvikling og mattryggleik i regionen.

Matfag ligg til distrikta.

## Tradisjonelle handverksfag

Tradisjonelle handverksfag er eit omgrep som blir brukt i denne kartlegginga for å syne eit spissa behov i Vestland fylkeskommune. Faga inngår i kategorien *tekniske fag* under NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanningar (FKF).

Aktuelle fag innan tradisjonelle handverksfag er fag som tek sikte på restaurering og vedlikehald av gamle og tradisjonelle bygg og bygningsteknikkar.

Utviklingsplanen omtalar tradisjonelt handverk som ein viktig del av kulturarven og identiteten i regionen. Tradisjonelt handverk kan bidra til å styrke lokal kultur og reiseliv, samt fremje berekraftige praksisar i produksjon og forbruk. Det er også eit mål å støtte opp om handverksfag og utdanning innan desse områda for å sikre at kunnskap og tradisjonar vert vidareført til komande generasjonar.

Riksantikvaren la i 2024 fram handverksstrategien. Strategien er eit verktøy for å styrke kompetansen og kapasiteten innan allmenn og spesialisert handverkskompetanse som er naudsynt for å ivareta kulturminne og kulturmiljø.

Tradisjonelle handverksfag er viktige for vern av kultur og bidreg til lokal verdiskaping, reiseliv og grønt skifte ved gjenbruk. Dette finn vi igjen i Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur ([230322-regional-plan-for-kultur-retta-etter-politisk-vedtak.pdf](#)).

Byggenæringa er i endring, med mindre nybygging og meir fokus på rehabilitering og restaurering. Dette krev kompetanse i tradisjonelle teknikkar. Marknaden for restaurering og antikvarisk arbeid er i tillegg venta å auke, særleg med at kyrkjebevaringsfondet trådde i kraft frå 2024, noko som krev stabil tilgang på handverkskompetanse over tid ([Riksantikvarens\\_Handverksstrategi\\_Digital.pdf](#)).


Behovet innan fagområdet er ikkje stort og fylkeskommunen sitt mål er å halde kompetansenivået ved like.

## Økonomi- og administrasjonsfag

Fagkategorien økonomiske og administrative fag går under same namn i NOKUT sitt felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanningar (FKF).

Norske kommunar og fylkeskommunar står i ein situasjon med auka krav til effektivisering og gevinstrealisering og behov for sterkare omstillingsevne og endringstakt. Dette er gjennomgåande utfordringar for offentleg sektor framover. Økonomi- og administrasjonsfag gir verktøya som trengst for å møte desse utfordringane som er analysekompetanse, styringsfag, leiing, prosjektstyring og evne til å jobbe strategisk på tvers av sektorar [[dfo.no](#)], [[dfo.no](#)]. Økonomiske og administrative utdanningar gjev støttefunksjonar til dei andre fagområda som er nemnt i dette dokumentet (helse og velferd, tekniske fag, fag viktige for det grønne skiftet, matfag og sikkerheit og beredskap).

Økonomi- og administrasjonsfaga skal rette seg inn mot yrkesfag.



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)